



Alexander Øglend

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1765 - 17/11728

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

10.10.2017

Referat frå møte 11.september

Møtestad: Ungdommens hus

Møtetid: Kl. 15.00-17.30

Deltok på møte:

Emilie Haukeland frå 8 A	Kamila Brzostowicz frå 1.VGS
Denis Dudsjenko 8 B	Preben Thomassen frå 1.VGS
Frøya Soltveit Gabrielli frå 8 C	Maria Stevnebø Rye frå 2.VGS
Sander Lunde frå 9 A	Joakim Hjørnevåg frå 2.VGS
Elise Skråmestø frå 9 B	Rebecca Sætre frå 2.VGS
Daniel Gjelsvik Kaland frå 10 A	Steffen Vestheim Sævdal frå 2.VGS
Mathias Sævdal Bere frå 10 B	Alexander Øglend frå 2.VGS
Jakub Stasiak frå 10 C	Susanne Sævdal Bere frå 3.VGS
Marte Vågenes Solheim Frå 1.VGS	

Vara som deltok:

Tage Grindheim frå 8 A	
Jone Grindheim frå 8 C	

Deltok ikkje på møte:

Representant	Vara deltok

Møteleiar Ungdomskoordinator Katarina Birkeland

Ordstyrer:

Møtte frå administrasjonen Ungdomskoordinator Katarina Birkeland

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Sak 27/17: Godkjenning av innkalling og referat

Innkallinga vart godkjent. Referat vart ikkje sendt ut.

Sak 28/17: Informasjon om representantar sine oppgåver, ungdomsrådarbeid, kommentar og innlegg og vedtekter.

Kontaktperson Katarina Birkeland informerer om ungdomsrådet sine oppgåver og vedtekter. Leiar i rådet 2016/2017 Steffen Vestheim Sævdal tar ein gjennomgang av kommentar og innlegg.

Sak 29/17: Kulturrådgjevar Bente Hervik informerar om arbeidet sitt knytt opp til ungdomsrådet og ungdomskoordinatoren.

Ungdomsrådet fekk besøk av kulturrådgjevar Bente Hervik. Bente informerte om jobben sin knytt til ungdomsrådet, om høyringar og ulikt planarbeid knytt til barn og unge i kommunen.

Sak 30/17: Val av leiar og nestleiar

Fem representantar stilte til val. Alle holdt tale om kvifor dei ynskja å verte den nye leiaren.

Representantar som stilte var Marte Vågenes Solheim, Rebecca Sætre, Susanne Sævdal Bere, Denis Dudsjenko og Alexander Øglend.

Valet vart tatt hemeleg med lapper.

Alexander Øglend vart valt til leiar med 8 stemmer av 17. Susanne Sævdal Bere vart nestleiar med tre stemmer. Dennis, Rebecca og Marte fekk to stemmer kvar.

Sak 31/17: Representantar deles inn i ulike komiteer: 1. Helse, 2. oppvekst, 3. samfunn og miljø og 4. fritid, idrett og kultur.

Alle representantane vert delt inn i ulike arbeidsområder. Representantane som satt i sist ungdomsråd Steffen Vestheim Sævdal, Susanne Sævdal Bere, Mathias Sævdal Bere, Maria Stevnebø Rye, Joakim Hjørnevåg og Marte Vågenes Solheim forklarte om dei ulike komiteane og oppgåver i dei.

Den nye leiaren Alexander Øglend foreslo at alle komiteene kunne bestå av representantar både frå ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

Fordelinga vart sånn:

1: Helse: Emilie, Elise, Marte og Rebecca.

2: Oppvekst: Kamila, Daniel, Maria og Frøya.

3: Samfunn og miljø: Joakim, Mathias, Susanne og Alexander.

4: Kultur, idrett og friluftsliv: Steffen, Sander, Preben, Denis og Jakub.

Sak 32/17: Val av ungdomsskulerepresentant til klubbstyret i Radøy ungdomsklubb

Ein representant vert valt til å sitte i klubbstyret til Radøy ungdomsklubb som eit bindeledd mellom ungdomsklubben og ungdomsrådet.

Klubbstyret kom med ynskje om at dei ville at representanten skulle gå på ungdomsskulen. Ungdomsrådet var bestemt på at vara ikkje kunne stille til val. Fem representantar stilte til val og fortalte om kvifor dei ynskje å sitte i klubbstyret. Valet vart tatt hemmeleg med lapper.

Representantar som stilte var: Daniel Gjelsvik Kaland, Frøya Gabrielli, Jakub Stasiak, Mathias Sævdal Bere og Denis Dudsjenko.

Jakub vart valt inn som representant med 7 stemmer, Mathias på 2.plass med fire stemmer. Dei andre stemmene vart fordelt mellom dei tre andre.

Sak 33/17: Ymse og sosialt

Nynorskdagar: Radøy kommune arrangerer nynorskdagar 26.september til 1.oktober. Under nynorskdagane får representantar moglegheit til å reise rundt i barnehagane å ha leseglede for born. Maria, Daniel og Frøya frå oppvekstgruppa ynskjer å delta og reiser rundt i tre barnehagar onsdag 27.september.

Temadag på ungdomsskulen: Ungdomsrådet samarbeider med ungdomsskulen, ungdomscoordinator, helsestasjon og kommunepsykolog å markere verdsdagen for psykisk helse 20.oktober. Mottoet for dagen er noko å gle seg over. Det vert gruppeaktivitet i klasserommet, foredrag med Simen Ålmås og ulike aktiviteter i grupper. Representantar som deltar som arrangørar er Jakub, Preben, Joakim, Rebecca, Kamila, Alexander og Susanne.

Sosialt for ungdomsrådet: Ungdomsrådet ynskjer å ha ei sosial samling for å bli betre kjent. Forslag om sosialt og overnatting med ungdomsrådet fredag 13.oktber i haustferien. Sidan få representantar har moglegheita til å delta bestemmer arbeidsutvalet at det vert sosialt etter neste møte onsdag 18.oktober og ei eventuell overnatting rundt juletider.

Gensarar: Alle nye representantar får ungdomsrådgensar. Vara får ikkje gensar men kan låne når dei er på oppdrag.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomscoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alexander Øglend
Daniel Gjelsvik Kaland
Denis Dudsjenko
Dina Myrmel
Elise Skråmestø
Emilie Haukeland
Emma Osa
Frøya Soltveit Gabrielli
Henriette Karlsen Nedrud
Ivan Vestheim Johansen
Jakub Stasiak
Joakim Hjønnøvåg
Jone Grindheim
Kamila Brzostowicz
Kristine Rosenlund Tangedal
Maria Stevnebø Rye
Marte Vågenes Solheim
Mathias Sævdal bere
Preben Thomassen
Rebecca Sætre
Sander Lunde
Sofie Marøy
Steffen Vestheim Sævdal
Susanne Sævdal Bere
Tage Grindheim